

Sjå framover med Venstre!

Aurland Venstre Program 2023–2027

Terje Horvei



Trond Mjøs



Inga Winjum



VENSTRE

Liberal politikk tek utgangspunkt i det einskilde mennesket og skal vera eit utolmodig arbeid for rettferdige løysingar som gjev alle menneske friedom og høve til å bruke evnene sine til beste for seg og samfunnet.

Venstre i Aurland vil:

- Ta vare på naturmangfaldet
- Ha ein serviceinnstilt kommune for innbyggjarane sine
- Hjelpe dei som vil starta nye verksemdar og skapa nye arbeidsplassar
- Sikra best mogleg oppvekstvilkår for barn og unge i kommunen
- Ha best mogleg omsorgs- og butilbod for dei som treng det
- Endra balansen mellom administrasjon og politisk styring
- Flytta fokuset frå kommunen som forvaltningsorgan til kommunen som geografisk område og folket som bur her

Administrasjon og kommunal forvaltning

Aurland Venstre vil at dei folkevalde skal ha ein sterkare påverknad i styringa av kommunen. Det betyr at forvaltningsstruktur, utval og delegering må tilpassast slik at dei folkevalde vert meir involvert i vedtaksprosessane.

Næring og lokalsamfunn

Naturen i Aurland og området sitt lokale særpreg og kvalitet er det eigentlege grunnlaget for utvikling av både næringsliv og lokalsamfunn. Aurland Venstre meiner det difor er viktig med ei berekraftig forvaltning. Kommunen skal ha ein vedteken ambisjon for dei ytre områda/grendene av kommunen, med ein klar og prioritert plass i kommuneplan og praktisk politikk.

Aurland Venstre ynskjer å etablera ei meir operativ og tilgjengeleg førstelinjeteneste, som tener både etablerte og nye verksemdar, til dømes i samarbeid med Sognefjorden Næringshage.

Verdsarvstatus

Verdsarvstatusen er eit konkurransefortrinn og eit uforløyst potensiale som må bli endå tydelegare i kommunal profilering. Kommunen skal aktivt bidra til at ein i neste periode kjem i gang med bygginga av verdsarvsenteret Fjordportalen på Odden. Dette kan verta Aurland sin “campus”, og bli eit fyrtårn for Aurlandsprofilen. Ein kan her tenkja seg utvikling av kompetansesarbeidsplassar og eit forskingsmiljø med kunnskapsformidling om livet i fjorden og fjordlandskapet, og slik inspirera lokal ungdom til å velja utdanning og kompetanseløp. Dette kan også bli ein viktig sosial møteplass på heilårsbasis.

Landbruk

Aurland Venstre vil styrka lokal landbruksnæring og framtidig drift av lokale landbrukstradisjonar, med aktiv bruk av utmarksressursane. Geitehald og småskala lokalmatproduksjon er også viktig for reiselivsnæringa.

Aurland Venstre ser på Sogn jord- og hagebruksskule som ein kulturberar og eit viktig kompetansemiljø i bygda, og vil bidra til å sikra framtidig drift.

Helse og omsorg

Omsorg

Det bør opprettast ein frivilligsentral i kommunen, som kan vera med å utvikla tilbod både for eldre og yngre. Lag og organisasjonar bør involverast i utforming og drift. Tidlegare Vangen barnehage kan vera ein aktuell stad for eit slikt tiltak. Ein må utvikla betre velferdstilbod og aktivitetar til eldre. Her kan frivilligsentralen spela ei viktig rolle. Butilhøva innan psykiatri må betrast.

Lege- og tannlegetenester

Aurland Venstre vil at Aurland framleis skal ha eige legekontor og at vaksamarbeidet skal oppretthaldast, og at tannlegetilbodet ikkje vert ytterlegare redusert.

Barn og unge

Barnehage og grunnskule

Aurland Venstre vil arbeida for

- Best mogleg oppvekstvilkår for barn og unge i kommunen
- At Flåm skule vert omorganisert til eit oppvekstsenter med barnehage og 1.–4. klasse
- Full barnehagedekning
- At Aurland skal tilby flest mogleg lærlingplassar i oppvekstsektoren
- At Aurland kommune skal vera ein tydeleg skule- og barnehage-eigar
- Å styrka skulehelsetenesta

Kultur og fritid

Aurland Venstre vil

- Arbeida for at kulturlivet i heile kommunen får gode vilkår for vekst og skaping, og at ein difor må styrka bidraget til organisasjonseigde hus og anlegg
- Legga til rette for at ungdom sjølv kan ta initiativ til å skapa nye fritidsaktivitetar

Miljø og klima

Aurland Venstre vil:

- At Aurland kommune skal møta alvorret i den globale miljø- og klimasisituasjonen med offensive tiltak lokalt og i kommunal drift
- Arbeida for at Aurland skal vera i front når det gjeld grøn innovasjon
- At innovasjon i energisektoren med utgangspunkt i energi-HUB i Flåm, Hafslund Eco og Aurland Energiverk vert prioritert framover
- Arbeida for at Aurland kommune blir aktiv i det grønne skiftet og satsar på fornybare energikjelder i den kommunale drifta og i næringsetablering i kommunen
- Arbeida for reine fjordar, frie for plast og anna forureining

Klima og miljø skal innarbeidast i alt arbeid som kommunen gjer.

Samferdsle

Kommunale vegar

Aurland Venstre vil at Aurland kommune tilbyr å overta vegene og vedlikehaldsansvaret for private vegar, som gir tilkomst til fleire enn fem bueiningar.

Vedlikehaldsarbeid, som til dømes brøyting av kommunale vegar, bør ein vurderer å leggja ut som anbod for private. Fylkesvegstrekinga Hopen–Helabrotet må utvidast for å sikra ein trygg veg for mjuke trafikantar.

Turveg mellom Aurland og Flåm

Høg kostnad og manglande ekstern finansiering har stogga dette prosjektet. Aurland Venstre meiner at prosjektet må fullfinansierast i komande periode, og bygginga startast. Dette handlar først og fremst om trafikktryggleik.

Bustadpolitikk

Kommunen har på grunn av ulike naturfarar, eit avgrensa areal for bustadbygging. Det er difor viktig at eksisterande bustadareal vert utnytta på ein måte som gir flest mogleg bueiningar pr. kvadratmeter. Aurland Venstre meiner at ein bør søka å finna moglegheiter for at folk som eig hus, men som bur andre stader og gjerne berre nyttar huset i svært kort tid av året, vil sjå seg tent med å selja til folk som vil bu her fast. Kommunen skal ha ein offensiv bustadpolitikk med tilgjengeleg tomteareal i alle sokner. Kommunen bør stilla seg positiv til private utbyggingsselskap, som gjer at det vert eit mangfald i bustadtilbodet.

Forvaltning av konsesjonskrafta

Konsesjonskrafta som kommunen får kjøpa for ein særleg gunstig pris må koma alle abonnentar i kommunen til gode. Prisen bør ligga på eit nivå som gir avkastning for kommunen, men som samstundes gir private og verksemdar rimeleg kraft. Etter at spotprisen auka svært mykje vinteren 2021/2022 valde staten å støtta private med straumstøtte. Me meiner at det er feil at denne straumstøtta skal betalast inn til kommunen, slik praksis er no.

Aurland Venstre

LISTE TIL KOMMUNEVALET I AURLAND 2023

Nr	Namn	Adresse	F.år
1	Terje Horvei	Vangen	1961
2	Inga Winjum	Vangen	1958
3	Trond Mjøs	Vangen	1962
4	Heidi E. Brandshaug	Vangen	1961
5	Odd Lothe Ohnstad	Flåm	1970
6	Lene Hagen	Gudvangen	1976
7	Olav Magne Dyrdal	Gudvangen	1962
8	May Sigrun Winjum	Vangen	1966
9	Leif Inge Underdal	Undredal	1972
10	Jennifer C. Mjøs	Vangen	2001
11	Anders Hovland	Gudvangen	1977
12	Anja Ryabinina	Undredal	2000
13	Georg Olafr Reydarsson Hansen	Gudvangen	1954
14	Gunn Kandal	Vangen	1958
15	Atle Winjum	Vangen	1955